

G16-laget til semifinale.

03.08.2017



G16-laget til Rosendal/Uskedalen har gjort ein glimrande innsats og er klare for semifinale.

G16-laget til Rosendal/Uskedalen som spelar i 7`klassen, har gjort ein glimrande innsats i Norway Cup. Etter berre sigrar i puljespelet vann dei i går over Nordreisa og Odda i sluttspelkampar. I føremiddag gjorde dei ein ny kjempekamp då dei slo Øystese 1-0 i kvartfinalen, og dermed er laget klar for semifinale seinare i dag.

Laget imponerte altså i kvartfinalekampen mot Øystese, og det var Marcus Såtendal som sette inn det viktige 1-0 målet. No er det semifinale mot Førde kl.14.15 i dag. Denne kampen kan vi følgja på streaming på Rosendal turnlag si facebook-side. Med siger i denne kampen vert det gull-finale kl.11.30 fredag. Finalen vert sendt på TV2 Sportskanalen. Dersom det skulle bli tap, vert det bronsefinale. Den går også fredag. Spennande!!

Sander S. Myklebust frå Uskedalen spelar på dette laget.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Rosendal turnlag